


SUNNMØRE IUA - BEREDSKAPSPLAN MOT AKUTT FORUREINING

DELPLAN FOR HERØY KOMMUNE

Sist justert 03.11.2016

Vedteken i Herøy kommunestyre, K-sak nr. 27/2012



INNHALD

- 1. Kommunal beredskapsorganisasjon mot akutt forureining**
- 2. Formål med organisasjonen**
- 3. Organisasjonen sine hovudoppgåver**
 - 3.1 Varsling**
 - 3.2 Aksjonering**
 - 3.3 Hjelp og støtte**
 - 3.4 Øvingar**
 - 3.5 Vedlikehald av materiell**
- 4. Bemanninga i organisasjonen**
- 5. Rapportering**
- 6. Transportmateriell**
- 7. Vedlegg**

Som vedlegg til planen følgjer:

1. ROS-analyse
2. Varslingsplan, kopi av side 10 i IUA sin beredskapsplan, operativ del
3. Aksjonsnivå, kopi av side 8 i IUA sin beredskapsplan, operativ del
4. Oversikt over utstyr på kommunalt depot
5. Oversikt over brannvern utstyr og –materiell
6. Oversikt over anna kommunalt utstyr og materiell
7. Oversikt over entreprenørar og leverandørar av ulike tenester og materiell i kommunen
8. Oversikt over merkeregistrerte farty i Herøy
9. Oversikt over prioriterte område (Kystverket)
10. Hurtigresponderingsutstyr IUA Sunnmøre vinter 2016-17

Vedlegga kan du få ved å ta kontakt med brannsjefen.

1. KOMMUNAL BEREDSKAPSORGANISASJON MOT AKUTT FORUREINING

Delplanen inngår i Herøy kommune sin kriseplan som fagberedskapsplan og er ein del av den interkommunale beredskapsplanen mot akutt forureining på Sunnmøre. Brannvernet er kommunen sin beredskapsorganisasjon mot akutt forureining. Brannvernet si organisering går fram av brannordninga, vedteken av kommunestyret den 03.07.98 (K-sak 90/98).

Beredskapsstyrken består av befal og mannskap knytt til Fosnavåg stasjon og med mannskapet ved Myrvåg stasjon som reservestyrke.

2. FORMÅL MED ORGANISASJONEN

Den kommunale beredskapsorganisasjonen skal dekke beredskap mot mindre tilfelle av akutt forureining som kan oppstå eller som kan føre til skadeverknader i kommunen og som ikkje er dekt av privat beredskap. Jfr. §43 i forureiningslova.

3. ORGANISASJONEN SINE HOVUDOPPGÅVER

Beredskapsorganisasjonen med tilknytte personar og materiell skal vere den organisasjonen som kan og skal aksjonere mot mindre tilfelle av akutt forureining. Organisasjonen skal også vere til hjelp mot andre tilfelle av akutt forureining der nabokommunane eller den interkommunale organisasjonen (IUA) aksjonerer.

3.1 VARSLING

Varsling om akutt forureining skal gå til tlf. 110 (fagsentral brann Ålesund). Fagsentral brann varslar befalsvakta eller brannsjef, Kystverket og politi. Når brannsjefen ikkje er til stades har befalsvakta brannsjefen sitt mynde.

Befalsvakta el. Brannsjefen skal:

- vurdere situasjonen
- syte for varsling av eige personell gjennom fagsentral brann
- iverksetje og gjennomføre aksjon
- syte for loggføring

Telefonoversikt:

Befalsvakt-Brann: 90115520

Namn	Stilling	Telefon arb.	Telefon priv.	Mobiltof.
Jon Rune Våge	Brannsjef	70081362	70087272	91578004
Tore Langvatn	Varabrannsjef/leiar beredskap	70084638	70089467	99210003
Fred Arnesen	Befal	70081365	70085900	48897570

Vakant befal	Leiar førebyggande vikarierer her			
Vakant befal				

3.2 AKSJONERING

Brannsjefen er aksjonsleiar og kommunen sin skadestadsleiar ved aksjonar mot akutt forureining.

Etter at varslinga er sett i verk skal brannsjefen:

- vurdere situasjonen på staden
- vurdere om utsleppet/forureininga kan handterast lokalt enten av skadevaldar åleine eller saman med kommunen
- syte for at det vert sett i verk aksjon

I tilfelle der det er tvil om den kommunale beredskapen kan ta seg av forureininga skal den interkommunale beredskapsleiinga kontaktast med sikte på å vurdere om det er behov for hjelp der ifrå eller frå nabokommunen/nabokommunane.

Dersom det er uklart kven som er skadevaldar eller skadevaldar ikkje er i stand til å stå økonomisk ansvarleg for forureininga, skal aksjonsleiaren kontakte Kystverket på vakttelefon **33034800** og be om økonomisk garanti for aksjonen. I slike tilfelle skal aksjonsleiaren sjå til at alle kostnader som følgjer av aksjonen, vert registrerte og ført etter den kontoplan som går fram av den interkommunale beredskapsplanen.

3.3 HJELP OG STØTTE

Når SFT og/eller den interkommunale beredskapsorganisasjonen (IUA) aksjonerer og det er behov for hjelp/støtte til ein annan kommune innanfor Sunnmøre IUA, pliktar kommunen å stille med aksjonsleiing, mannskap og ressursar så langt og så lenge IUA har behov for dette. Omfanget av hjelp/støtte må likevel kunne avgrensast slik at den lokale beredskapen framleis kan haldast på eit forsvarleg nivå.

3.4 ØVINGAR

Brannsjefen skal syte for at eigne mannskap får naudsynt opplæring og øving. Normalt skal det vere minimum ei øving anna kvart år. Brannsjefen og øvrig personell tilknytt beredskapen skal i tillegg til dette delta i samøving med IUA sin organisasjon når IUA ønskjer dette.

3.5 VEDLIKEHALD AV MATERIELL

Brannsjefen skal syte for at materiellet, slik dette går fram av ressursoversikten i

beredskapsplanen (vedlegg D i hovudplanen), vert teke vare på og halde forsvarleg ved like. Materiellet skal ettersjåast så ofte som naudsynt slik at det til ei kvar tid kan setjast inn og nyttast i påkomande aksjonar.

Ein gong for året skal brannsjefen syte for at oversyn over utstyr vert ført ajour og ta initiativ til at utstyr, som ikkje er i brukbar stand, vert skifta ut. Vedlikehaldet og oversynet skal dokumenterast i kommunen sin internkontroll for brannvern/akutt forureining.

4. BEMANNINGA I ORGANISASJONEN

Slik beredskapen er organisert vil beredskapsstyrken til ei kvar tid vere samanfallande med den kommunale brannberedskapsstyrken. Brannberedskapen vil såleis samstundes vere beredskap mot akutt forureining og mannskap til aksjonar vil verte teke frå brannvern organisasjonen i det omfang som aksjonen krev. Herøy brannvern (befal + mannskap) er oppsett med i alt 31 personar fordelt på 21 personar i Fosnavåg og 10 personar i Myrvåg.

For oversikt over brannbefal og andre sentrale leiarfunksjonar innan Herøy brannvern viser ein til punkt 3.1, varsling.

5. RAPPORTERING

Når ein aksjon er avslutta skal brannsjefen syte for at det vert utarbeidd rapport. Av rapporten skal det gå fram tid og stad for aksjonen, kor lenge den stod på, mannskap som var i aksjon og kva for materiell som var i bruk. Brannsjefen skal også utarbeide rekneskap for aksjonen og syte for at krav vert sendt skadevaldar, IUA eller Kystverket.

6. TRANSPORTMATERIELL

Dersom aksjonsleiinga har behov for transportmateriell utover det som kommunen rår over eller båtar til aksjon på sjøen skal ein bruke dei vedlagde oversiktslistene/linkane. Dette omfattar oversikt over entreprenørutstyr og anna egna aksjonsutstyr og fartyoversikt slik dette går fram av merkeregisteret for Herøy. Oversiktslistene skal ajourførast ein gong pr. år.